

## Retningslinjer for rekneskapsføring for idrettslaga i Vågå

- Alle lag som søker kulturmidlar skal sjølve setje opp ei oversikt over deira totale utgifter. Utgifter til drift/ vedlikehald av anlegg skal i denne oversikta vere uttrekt frå dei øvrige kostnadene og spesifisert.
- Overføringar mellom grupper i laget (t.d frå hovudlaget til ski- eller fotballgruppe) skal ikkje reknast som ein kostnad.
- Avsette midlar (t.d oppsparing til eit innkjøp) skal heller ikkje reknast som ein kostnad.
- Følgjande utgifter godkjennast som ein anleggskostnad:
  - Betalte tenester for å drifte/ vedlikehalde anlegget
  - Materiell for drift/ vedlikehald av anlegg (t.d grus, plenfrø, ljospærer, kulefangarar osv...)
  - ”Fast inventar” tilhørande anlegget (mål, kulefangarar osv...)
  - Alle utgifter knytt til å drifte/ vedlikehalde utstyr som blir brukt i anlegget (plenklipparar, snøscootarar og liknande). Dette omfattar mellom anna drivstoff, servicar, reperasjonar...
  - Avskrivningar utstyr brukt for å drifte anlegget
  - Innkjøp av utstyr for å drifte anlegget. Gjeld for gjenstandar/ utstyr som kostar maks kr 15.000,- ekskl mva. Gjenstandar som kostar over kr 15.000,- ekskl mva blir rekna som ei investering, og skal ikkje reknast med i drift/ vedlikehald
  - Forsikringspremie på forsikring av anlegg
  - Straumutgifter ved anlegget
  - Festeavgifter, grunnleie for arealet som anlegget ligg. Husleige blir ikkje godkjent som ein anleggskostnad.